

Saksbehandlar: Karoline Bjerkeset
Avdeling: Næringsavdelinga
Sak nr.: 12/8363-3

Høyring - Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gjere slikt vedtak:

- 1 Hovudutvalet for plan og næring sluttar seg til dei mål og strategiar som er skissert i utkast til Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane som legg grunnlaget for forvaltning av dei statlege økonomiske verkemidla til landbruk.
- 2 Hovudutvalet legg til grunn at Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 og dei årlege handlingsplanane vert rullert og sett i samanheng med Regional verdiskapingsplan frå fylkeskommunen og harmonisert i tråd med utviklinga av Regional verdiskapingsplan.
- 3 Hovudutvalet peikar på at det i strategien bør vere noko tydelegare presisert kva roller dei ulike regionale aktørane i partnerskapen har når det gjeld oppfølging av ulike område, mål og strategiar.
- 4 Hovudutvalet meiner at strategien gjerne kan synleggjere i endå større grad samarbeidet som partnerskapen har på felt som til dømes næringsutvikling, reiseliv og klima. Det er viktig at den regionale partnerskapen samarbeider tett om desse felte også framover og at det samarbeidet som eksisterer i dag vert omtala i strategien.
- 5 Hovudutvalet for plan og næring peikar på at arbeidet med rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket i regi av fylkeskommunen bør sjåast i samanheng med Regionalt bygdeutviklingsprogram.

∴ Sett inn innstillingen over denne linja ↑

Vedlegg:

Utkast til Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane, Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Høyringsbrev frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Brev frå Landbruks- og matdepartementet om nasjonale føringar for arbeidet med Regionale bygdeutviklingsprogram
Brev frå Landbruks- og matdepartementet om oppstart på arbeid med Regionale bygdeutviklingsprogram

Andre dokument som ikkje ligg ved:

Meld.St. nr. 9 (2011-2012) Velkommen til bords

SAKSFRAMSTILLING

1. Samandrag

Sogn og Fjordane fylkeskommune har blitt invitert til å kome med innspel på utkastet til nytt Regionalt bygdeutviklingsprogram (RNB) 2013-2016 Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har gjennom administrativ deltaking vore med på å utforme programmet. RNB er bygd opp rundt tre delprogram og er eit dokument som skal legge grunnlag for forvaltninga dei dei statlege økonomiske verkemidla knytt til landbruket i fylket. Samstundes har fylkeskommunen i gang prosess rundt ny Regional verdiskapingsplan og RNB må setjast inn i denne samanhengen.

2. Bakgrunn

Sogn og Fjordane fylkeskommune har som ein av fleire høyringsinstansar blitt invitert til å kome med innspel på utkastet til nytt regionalt bygdeutviklingsprogram frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. «Regionalt bygdeutviklingsprogram for Sogn og Fjordane 2013-2016» skal vere eit mål- og strategidokument og dannar grunnlaget for forvaltning av statlege økonomiske verkemiddel frå Landbruks- og matdepartementet. Vidare vil dokumentet vere eit av fleire grunnlagsdokument i fylkeskommunen sitt arbeid med Regional plan for verdiskapinga. Fylkesmannen har utarbeidd utkastet i samarbeid med representantar frå fylkeskommunen, Innovasjon Norge, kommunane (KS) og landbruksnæringa. Utkastet vart sendt på høyring i november 2012 med frist 1. februar 2013. Sogn og Fjordane fylkeskommune har fått utsett frist grunna møte i hovudutvalet for plan og næring 6. februar.

Landbruks- og matdepartementet la i 2011 fram ny stortingsmelding om mat- og landbrukspolitikken; Meld.St. nr. 9 (2011-2012) *Velkommen til bords*. I meldinga er det sagt at det skal opprettast Regionale bygdeutviklingsprogram (RBU), der Fylkesmannen får ansvaret for å utforme desse i samarbeid med regionalt partnerskap og næringa. Det har tidlegare og vore likande program, Bygdeutviklingsprogramma (BU), men det nye programmet har no ei sterkare vekt på regional næringsutvikling. Dei regionale bygdeutviklingsprogramma består av tre hovudelement:

1. Regionale næringsprogram (RNP)
2. Regionale miljøprogram (RMP)
3. Regionalt skog- og klimaprogram (RSK)

Målsettinga for programmet er å styrke og samordne det regionale miljø- og næringsarbeidet. Landbruks- og matdepartementet legg til grunn god kopling mellom fylkeskommunane sine regionale planstrategiar. Rolledelinga vert midlertidig ikkje endra mellom Innovasjon Norge, Fylkesmannen og fylkeskommunen på landbruks- og matområdet.

RNP består av dei fylkesvise bygdeutviklingsmidlane (BU-midlane) som vert styrka gjennom omdisponering av midlar frå statlege program til regionalt nivå. RMP vert vidareført som tidlegare, men med styrka klimamål. RSK skal bestå av tilskot til skogbruksplanlegging med miljøregistreringar og tilskot til skogsvegar og drift med taubane og hest. Det er ingen endringar når det gjeld desse tilskota.

Mål og strategiar

Utkastet til Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane har følgjande hovudmål:

Sogn og Fjordane skal auke matproduksjonen med 1 % per år og skape eit mangfald av arbeidsplassar i bygdene samstundes som vi tek vare på det særmerkte kulturlandskapet og oppfyller dei nasjonale måla innan miljø og klima.

Det vert vidare skissert satsingsområde, mål og strategiar for dei einskilde delane av det som inngår i programmet. Kvar del i bygdeutviklingsprogrammet har sine mål og strategiar. Det vert synt til utkastet til Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane som ligg ved saka, for eit heilskapleg oversyn over alle mål og strategiar. Hovudmålet for arbeidet med

næringsutvikling er å legge til rette for lønsame arbeidsplassar som også nye brukarar og unge vil satse på. Satsingsområda omhandlar mellom anna tradisjonell volumproduksjon, skogbruk og bioenergi, bygdenæringar og bygde- og lokalsamfunnsutvikling. Regionalt miljøprogram omhandlar tilskotsordningar og miljøkrav som skal ivareta miljøomsyn i landbruket og er ei forsterking av dei nasjonale verkemidla. Utkastet slik det ligg føre vil prioritere særleg arbeidet med kulturlandskap. Når det gjeld arbeidet med klima, tek utkastet til RNB særleg opp dei utfordringar landbruket i vårt fylke har med endra klima og eit våtare og varmare ver og at ein viktig del av arbeidet vil vere å tilpasse og førebu næringa eit anna klima i framtida.

Utkastet tek vidare føre seg status knytt til landbruket i Sogn og Fjordane, utslepp frå jordbruket, status på det som samla vert omtala som «bygdenæringar», og folketalsutviklinga. Vidare skisserer programmet dei moglegheitene som ein regionalt har både i form av ressursar og handlingsrom.

Det skal kvart år utarbeidast handlingsplan og rapport som skal følgje det regionale bygdeutviklingsprogrammet. Desse skal drøftast med faglaga. Handlingsplanen skal fastsetje tiltak i tråd med mål og strategiar, fastsetje prioriteringar, fastsetje utmålingsreglar for tilskot og fange opp endringar som kjem gjennom Jordbruksavtala, føringar frå LMD og fylkestinget.

Regional plan for verdiskaping

I regional planstrategi vedteken av fylkestinget 16. oktober 2012, vart det vedteke å utarbeide ein verdiskapingsplan med status som regional plan. Planprogrammet med framlegg til val av plantema skal ut på høyring før det endelege valet av tema i vert vedteke av fylkesutvalet i mai 2013.

I brev frå Landbruks- og matdepartementet av 28.06. 2012 og 08.11.2012 er det presisert at Regionalt bygdeutviklingsprogram skal vere godt kopla mot fylkeskommunane sine regionale planstrategiar. Rullering av desse dei regionale bygdeutviklingsprogramma skal tilpassast arbeidet med rullering av regionale planstrategiar slik at desse prosessane vert harmonisert.

Økonomiske verkemiddel

Tabellen nedanfor syner eit oversyn over dei midlar som er tilgjengelege for Sogn og Fjordane i Regionalt bygdeutviklingsprogram. Tala er frå 2012, endring i desse kjem gjennom dei årlege jordbruksforhandlingane.

Ording	Kr	Forvalta av
Bygdeutviklingsmidlar, tilretteleggingstiltak	4 800 000	Fylkesmannen
Bygdeutviklingsmidlar, bedriftsretta tiltak	35 000 000	Innovasjon Norge
RMP - Regionalt miljøprogram	24 400 000	Fylkesmannen
SMIL - Særskilde miljøtiltak i landbruket	7 900 000	Kommunane
Tilskot til grøfting	2 300 000	Kommunane
Tilskot til investeringstiltak i beiteområde	850 000	Fylkesmannen
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (skogkultur, tynning mm)	1 300 000	Fylkesmannen
Nærings- og miljøtiltak i skogbruket (vegar, taubaner mm)	8 800 000	Fylkesmannen
Skogbruksplanlegging med miljøregistrering	700 000	Fylkesmannen
Kystskogbruket	1 250 000	Fylkesmannen
Klima og miljøprogram	200 000	Fylkesmannen
Økologisk landbruk, oppfølging av handlingsplanen	450 000	Fylkesmannen
Rekruttering, likestillig og kompetanseheving i landbruket	1 600 000	Fylkeskommunen
SUM	89 550 000	

3. Vurdering og konsekvensar

Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane er eit dokument som i stor grad legg grunnlaget for bruk av dei statlege verkemidla knytt til landbruket og som er sterkt knytt opp til føringar i den nasjonale landbrukspolitikken. På utmåling av tilskot er det høve til å gjere mindre regionale tilpassingar i tråd med prioriteringar i programmet.

Det er Regionalt næringsprogram som gjev mest regionalt handlingsrom og der det regionale partnerskapet har flest naturlege samarbeidsområde. I det nye bygdeutviklingsprogrammet er det lagt sterkare vekt frå departementet si side at det skal vere ei styrking og betre samordning av regionalt miljø- og næringsarbeid. I samband med forvaltningsreforma frå 2011 fekk fylkeskommunen eit auka ansvar for landbruk gjennom overføring av midlar for rekruttering, kompetanseheving og likestilling i landbruket. Vidare fekk fylkeskommunen høve til å gje landbrukspolitiske innspel og frå departementet er det i dei årlege tilsegnsbreva presisert det ansvaret fylkeskommunen har for å inkludere landbruk i det regionale utviklingsarbeidet. I lys av dette, har Sogn og Fjordane fylkeskommune i sine rapportar til departementet peika på at dette bør følgjast opp med overføring av fleire oppgåver på landbruksfeltet som til dømes ansvaret for bygdeutviklingsprogramma. Dette har ikkje skjedd.

Fylkeskommunen er no oppe i ein prosess knytt til ny regional plan for verdiskaping. Det er per i dag uvisst kva slags tema det til slutt vert vedteke å laga eigne planar for, men det er viktig at det Regionale bygdeutviklingsprogrammet vert vurdert i lys av dette og at programmet kan justerast med omsyn til Regional verdiskapingsplan. Dette vert og peika på av LMD. Analysa og utfordringane i programmet ligg tett til det som fylkeskommunen sjølv har løfta fram i sine fråsegner til LMD knytt til jordbruksforhandlingane. Måla og strategiane vert vurdert som gode til å svare på dei utfordringane som fylket har og tek opp i seg dei moglegheitene som finnast i form av folk og ressursar.

Det regionale handlingsrommet i RBU er knytt til mindre regionale justeringar av tilskota og til korleis ein skal nytte til dømes dei tilretteleggjande BU-midlane. Desse vert ofte nytta til tiltak knytt til reiseliv, utvikling av nye næringar av gardens ressursar og anna utviklingsarbeid. Det er vesentleg at dette arbeidet vert sett i samanheng med anna regionalt arbeid på desse felta og der partnerskapen har eit godt og tett samarbeid. Vidare er det viktig at fylkeskommunen sitt arbeid knytt til landbruk generelt og på rekruttering-, likestilling- og kompetanseheving i landbruket vert sett i samanheng og kan medverke til å støtte opp under dei måla som er skissert i utkastet til nytt Regionalt bygdeutviklingsprogram og dei måla som måtte vere gjeldande for det regionale utviklingsarbeidet på landbruksida til ein kvar tid. For å få til ein god felles innsats er det viktig at den regionale partnerskapen samla sett støtter opp under dei mål ein er samde om og at innsatsen er godt koordinert.

4. Tiltråding

Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for plan og næring til å gje følgjande fråsegn om utkastet til Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane:

1. Hovudutvalet for plan og næring sluttar seg til dei mål og strategiar som er skissert i utkast til Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 Sogn og Fjordane som legg grunnlaget for forvaltning av dei statlege økonomiske verkemidla til landbruk.
2. Hovudutvalet legg til grunn at Regionalt bygdeutviklingsprogram 2013-2016 og dei årlege handlingsplanane vert rullert og sett i samanheng med Regional verdiskapingsplan frå fylkeskommunen og harmonisert i tråd med utviklinga av Regional verdiskapingsplan.

3. Hovudutvalet peikar på at det i strategien bør vere noko tydelegare presisert kva roller dei ulike regionale aktørane i partnerskapen har når det gjeld oppfølging av ulike område, mål og strategiar.
4. Hovudutvalet meiner at strategien gjerne kan synleggjere i endå større grad samarbeidet som partnerskapen har på felt som til dømes næringsutvikling, reiseliv og klima. Det er viktig at den regionale partnerskapen samarbeider tett om desse felte også framover og at det samarbeidet som eksisterer i dag vert omtala i strategien.
5. Hovudutvalet for plan og næring peikar på at arbeidet med rekruttering, likestilling og kompetanseheving i landbruket i regi av fylkeskommunen bør sjåast i samanheng med Regionalt bygdeutviklingsprogram.

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)